



Nord-Aurdal kommune

Det kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Attn:

Deres ref.:
14/2588

Vår ref.:
PERELL - 14/7301

Vår dato:
22.08.2014

Høyrings svar til framlegg til endringar i stadnamnlova

16. april 2012 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008). 3. juni 2014 vart saka send på ny høyring, og det er i samband med det stadnamnemnda i Nord-Aurdal kommune uttalar seg.

Det er positivt at hovudgrunnlaget for skrivemåten av stadnamn, nedervd lokal uttale, framleis blir grunnlaget. Det kan diskuterast om det er rett å leggje ut endringsframlegg som i 2012 fekk til resultat at "Dei fleste høyringsinstansane ville ha lova som ho er". Ein kan òg setja spørjeteikn ved om UNESCOs konvensjon av 17.10.2003 om vern av den immaterielle kulturarven blir oppfylt ved at det framleis er vern (berre) for "nokre av dei viktigaste stadnamna, naturnamna og gardsnamna".

Målføret

Når målføret er grunnlaget for skriftformene, må "rettskrivingsprinsipp" og "normalisering" gå ut på å samordne skriftformene og gje reglar for bruk av til dømes stum d og t (*Øydgarden* for å skilja frå *Øygarden*, *Huset* for å skilja frå dativ *Huse*) og for å gjera lesinga lettare. Men for sterk normalisering har ført både til mange feilformer på kart (*Flæinn* for Flædn kan hende for Flæidn?, *Syni* truleg frå dativ Syné stadenfor Synet, *Slettin* truleg for Slettidn). I Valdres har ø-lyden for stutt o, alt i mellomalderen med ø-klang og på Island skrivi med ø, vorti fortrent på kartet. Dette har ført til at mange stadnam no endrar uttale på tvers av føremålet med lova. Ein høyrer uttala Fådnes for Fødnes og Strann for Strønd.

Stadnamn blir no meir og meir lært frå kart og vegskilt, og *desse må då gje att målføreuttala*, ikkje ei vedteken normalisering. Namn som Brøtin og Bakkadn ligg nærare norrøn skriftform (Brotin, Bakkarnir) og noverande målføre enn Bråten og Bakkan(e).

Vern av eldre namn

Framlegget ynskjer at grunneigaren skal kunne nytte skriftformer som har vori i offisiell bruk. Om jordebøker, matriklar og kyrkjebøker skal reknast som offisiell bruk, kan me då få godkjent dei underlegaste former, i tillegg til ein vrimmel av skriftformer for same namn (Vik, Viig, Wiigh osv.). Ut frå norsk lovgjeving elles, og UNESCO-konvensjonen, må det vera eit minstekrav at *stadnamn eldre enn reformasjonen - eller 1650 - får rettsleg vern som fortidsminne*. Me vil også åtvara mot å sleppe variantar av same namn (Vik - Wiigh, Berg - Berrigh, Nes - Næss) når lova elles prøver å få til ei normering ut frå gjeldande rettskrivingsprinsipp. Når rettskrivinga alt i 1860-åra sløyfa e-lyd for lang vokal, verkar det inkonsekvent å tillata Hoel og Heen i dag. Skiljet mellom stadnamn og slektsnamn bør understrekast klårare, og det bør gjerast klårt at eldre stadnamn høyrer bygd og samfunn til, ikkje den einskilde grunneigaren.

Granskingsarbeid

Lokalt har det mange stader vori utført eit stort arbeid med innsamling og publisering av namnegransking. Signal om nedtrapping av stadnamngransking ved universiteta er difor illevarslande jamfør Noreg si ratifisering av Unescokonvensjonen om immateriell kulturarv. Ei lovjustering bør også føre til styrka gransking og presentasjon av stadnamn.

Konklusjon

1. Målføreformer må nyttast så langt det er råd med vanlege skriftteikn.
2. Kulturarven tapar om individuelle krav blir sett framfor felles reglar. Namn eldre enn 1650 må i alle høve vernast som samfunnet og bygdene sin felles kulturarv.

På vegner av stadnamnemnda i Nord-Aurdal

Ellen Persvold
kultursjef